# Instruks for korleis ein fører sensur i WISEflow

## Sensurprosessen

1. Kvar sensor les og vurderer oppgåvene.

2. Dersom sensor les oppgåvene i vurderingsverktøyet kan sensor setje sitt forslag til karakter der:




3. Når sensor har satt sin vurdering på alle kandidatane trykk på Gå til sensurregistrering. Ein kjem då til sensurregistreringsbiletet:




4. Sensur kan også foregå ved å gå direkte til sensurregistreringsbiletet. Trykk på «gi vurderinger» frå eksamenssida for å opne dette biletet. Merk at det også er ein knapp,

eksporter vurderinger, der du som sensor kan laste ned karakterane, anten som ein PDF eller CSV- fil dersom du skulle ønske det.




5. Kvar sensor registrerer SINE vurderingar i kolonna vurdering. Registrer og send inn ein og ein eller trykk send alle når du har lagt alle inn:




6. Dersom du har registrert dine vurderingar, men eventuell medsensor enda ikkje har registert sine vurderingar, vil di vurdering bli låst og dukke opp i kolonna med «hengelås» over.
7. Når BEGGE sensorane (dersom det er meir enn ein) har registrert og sendt inn sine karakterar vil dette bli synleg for den andre sensoren. Dersom sensorane har registrert lik karakter blir karakteren endeleg sendt inn til eksamenskontoret, og dette er markert med ei grøn hake i høgre kolonne.
8. Dersom sensorane har registrert ulik karakter vil ein raud varselstrekant dukke opp i midtre kolonne. Sensorane snakkar saman og blir einige om endeleg karakter for kvar kandidat, set vurdering på ny og sender inn ny vurdering ved at begge sensorane trykker på knappen for «Send inn alle» på nytt.



Karakteren blir så overført til eksamenskontoret som kontrollerar denne og publiserer karakteren i StudentWeb.

Dersom ein oppdagar at ein har skrive feil karakter **etter** at ein har trykt på knappen for «Send inn alle», for andre gong må ein ta kontakt med eksamenskontoret som kan endre denne for deg.